



PERSONALREGLEMENT

Gjeld for tilsetjingar m.m. i stillingar ved Høgskulen i Volda.
Fastsett i medhald av Lov om statens ansatte § 2.

Gjeld frå 1.12.2017

Del 1: Generelt

§ 1. Verkeområde for reglementet

Dette reglementet gjeld for tilsetjingar m.m. i stillingar ved Høgskulen i Volda. Reglementet er fastsett i medhald av Lov om statens ansatte (Statsansattloven) § 2, og byggjer på Lov om universiteter og høyskoler (UHL), Lov om statens ansatte, Hovedavtalen i staten, Hovedtariffavtalen i staten og Standardmal for personalreglement i staten. Personalreglementet må vike for bestemningar i formelt regelverk, med mindre det aktuelle regelverket sjølv er fråvikeleg eller opnar opp for unnatak.

§ 2 Definisjonar m.m.

Tilsetjingsorgan blir nytta som samleomgrep for Tilsetjingsutval for tilsetjing i undervisnings- og forskingsstillingar (TUFO), og Tilsetjingsråd for tilsetjing i administrative stillingar (TADM).

§ 3 Habilitet

1. Personar som sakshandsamar tilsetjingsforhold, avgjer sjølve om dei er inhabile, jf. forvaltningslova § 8.
2. Spørsmål om habilitet som gjeld medlem av tilsetjingsorgan eller innstillande organ, blir avgjorde av organet sjølv utan at den det gjeld, er til stades.
3. Dersom det blir stilt spørsmål om habiliteten til ein medlem av sakkunnig utval, skal spørsmålet avgjerast av dekan ved den aktuelle avdelinga, jf. Retningslinjer for arbeid i sakkunnig utval, vedtatt av høgskulestyret i *styresak 100/16*.
4. Dersom dekan er ugild, oppnemner høgskuledirektør settedekan, jf. *styrevedtak 85/16*.

§ 4 Unnatak frå reglementet

For tilsetjingar for kortare tid enn inntil 6 månadar gjeld ikkje reglane i Statsansattloven §§ 3-6 og reglane i personalreglementet §§ 5 -16.

Høgskuledirektøren har tilsetjingsmynde for slike stillingar, jf. *styrevedtak 70/2013*.

Det kan tilsetjast i inntil eitt år for sjukevikariat og vikariat for uforutsette permisjonar, jf. Statsansattloven § 7 nr. 2 utan at reglane om kvalifikasjonsprinsippet, offentleg utlysing, innstilling og tilsetjing etter Statsansattloven § §3,4, 5 og 6 gjeld.

Tilsetjing for inntil 6 månader og for inntil eitt år etter desse reglane, kan berre skje dersom det ligg føre heimel for mellombels tilsetjing.

Ei forlenging av eit slikt tilsetjingsforhold som vil strekkje seg ut over eit halvt år eller inntil eitt år, skal handsamast etter reglementet sine ordinære reglar.

Del 2: Kunngjering

§ 5 Kunngjering av stillingar

1. Ledige stillingar skal kunngjerast offentleg og meldast til arbeids- og velferdsetaten (NAV). Tilsetjing skal skje etter alminneleg konkurranse og kvalifikasjonsprinsippet. Ved tilsetjing i tidsavgrensa tilsetjingar for inntil 6 månader eller mindre når det er naudsynt å tilsetje raskt, kan det gjerast unnatak frå kunngjeringsplikta. Det same gjeld for tilsetjing i sjukevikariat og vikariat for uforutsette permisjonar for inntil eitt år.

2. Tilsetjingsorganet avgjer om ei stilling berre skal kunngjerast internt. Avgjerda skal fattast i den enkelte tilsetjingssaka. Dette kan skje for stillingar som

- a) vikariat og tidsavgrensa stillingar for inntil 6 månader når det er behov for å tilsetje raskt
- b) stillingar som er oppdragsbasert og eksternt finansierte, jf. Forskrift til Statsansattloven § 3 nr. 3.

3. Kunngjering internt skal skje gjennom høgskulen sitt rekrutteringsverktøy, Jobbnorge.

- Bibliotekvakter skal kunngjerast internt til studentar i biblioteket.
- Tilsetjing av sommarvikarar i studieadministrasjonen og på drift er unnatekne kravet om offentleg kunngjering. Desse stillingane skal lysast ut på HVO sine nettsider og i lokalavisene.
- Tilsetjing av studentassistentar/lærerassistentar skal kunngjerast på HVO sine nettsider

4. Kunngjering av undervisnings- og forskarstillingar under professor- og dosentnivå blir fastsette etter høyring til direktør, rektor og tillitsvalde. Det skal opplysast om grunnlaget for utlysing.

5. Kunngjering av undervisnings- og forskarstilling som professor og dosent blir fastsett av tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskarstillingar etter *styrevedtak 32/16* for ei prøveperiode fram til 10. mars 2018.

6. Kunngjering av tekniske og administrative stillingar blir fastsette etter høyring til direktør, rektor og tillitsvalde. Det skal opplysast om grunnlaget for utlysing.

§ 6 Kalling

1. Dersom det ligg føre «særlige grunner», jf. UHL § 6-3 (4), kan det fremjast sak om kalling/direkte tilsetjing. I saksframlegget til styret skal det bli gitt ei grundig og tydeleg utgreiing for:

- fagområdet sitt behov

- personen sin kompetanse i forhold til fagområdet sitt behov og rekrutteringssituasjonen for fagområdet

§ 7 Innhaldet i kunngjeringa

1. Kunngjeringa må vere i samsvar med generelle kvalifikasjonskrav for stillinga, lønspolitisk plan for Høgskulen i Volda og handlingsplanen for likestilling og mangfald.
2. Kunngjeringa skal innehalde ein omtale av stillinga, opplysningar om tittel og arbeidsområde, kvalifikasjonskrav, lønsvilkår, arbeidsstad (for tida) og frå kva tidspunkt stillinga er ledig. Det skal opplysast om søknadsfristen, som må vere minst to veker etter stillinga er kunngjort på NAV.no, jf. Statens personalhandbok 2.3.4. Kunngjeringa skal opplyse om kven som kan gi nærare opplysningar om stillinga m.m.
3. Kunngjeringa skal også innehalde opplysningar om stillinga er ei heiltids- eller deltidsstilling, og om det er ei fast eller mellombels stilling. Dersom ei anna stilling kan reknast med å bli ledig ved at ein intern søker vert tilsett i den utlyste stillinga og det er aktuelt å tilsetje i denne stillinga samstundes, skal det opplysast om dette i kunngjeringa, slik at det også er høve til å inkludere denne stillinga i søknaden.
4. For undervisnings- og forskarstillingar gjeld UH-lova § 6-5. For kvalifiseringsstilling må det opplysast i utlysingsteksten dersom dette kan vere aktuelt. I samband med vurdering av søkerane kan dekanen be sakkunnige utval vurdere om vilkåret i § 6-5 b) er innfridd. Ved utløpet av tilsetjingsforholdet har den tilsette krav på å bli sakkunnig vurdert for fast tilsetjing før eventuell ny kunngjering av stillinga. Tilsetjingsforholdet kan forlengjast med den tid det tek å få å utført sakkunnig vurdering, men ikkje lenger enn 6 månader. Føresetnaden for ei slik forlenging er at den tilsette har levert inn arbeid med sikte på vurdering for fast tilsetjing etter nr. 1 siste punktum.
5. Dersom den som vert tilsett pliktar å gjennomgå opplæring, skal dette gå fram av kunngjeringa. For undervisning - og forskarstillingar vil forskrift om ansettelse og opprykk i undervisningsstillinger §1-1 (1) gjelde «*Ansettelsesmyndigheten kan stille krav om at den som blir ansatt, forplikter seg til å gjennomgå en bestemt opplæring, innen en viss tidsfrist*»

§ 8 Vilkår for ny kunngjering

Ei stilling skal lysast ut på ny dersom det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkerar og det kan forventast at ei ny utlysing kan endre denne situasjonen. Tilsetjingsorganet kan ikkje fråvike kvalifikasjonskrava i kunngjeringa vesentleg utan å lyse ut stillinga på ny. Det same gjeld dersom det har gått urimeleg lang tid sidan utlysinga eller om forholda har endra seg vesentleg.

Del 3. Behandling av søknader, innstilling m.m.

§ 9 Behandling av søknader

1. Når søknadsfristen har gått ut, skal det utarbeidast offentleg, utvida og komplett søkjarliste. Listene blir gjorde tilgjengelege i P360 for aktuell leiar og medlem i tilsetjingsorgan så snart dei ligg føre.

Den utvida lista skal innehalde namn på søkjaren, alder og fullstendige opplysningar om utdanning og praksis både i offentlig og privat verksemd, jf. forvaltningslovsforskrifta § 15, gitt ved kgl.res. av 15. desember 2006. Den utvida lista blir gjort tilgjengeleg for søkjarane i Jobbnorge.no.

2. Etter offentleglova § 25 kan det gjerast unnatak frå innsyn i den offentleg søkjarlista for opplysningar om ein søkjar dersom vedkomande sjølv ber om det. Dersom ein søkjar ber om å bli unnateken offentleg søkjarliste, skal det gjerast ei konkret heilskapsvurdering. Ved vurderinga skal det leggjast vekt på om det knyter seg særleg offentleg interesse til stillinga, og kva for konkrete ulemper offentleggjering vil få for søkjaren. I utlysinga skal det gjerast merksam på at opplysningar om søkjaren kan bli offentleggjorde sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje bli ført opp på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette, jf. Offentleglova § 25. Søkjaren får då 24 timar på å trekke søknaden.

§ 10 Innstilling til undervisning - og forskarstilling

1. Innstillingsmyndet ved tilsetjing i undervisnings og forskarstillingar er lagt til grunneiningsleiaren/studieleiaren/seksjonsleiaren jf. *styrevedtak 70/2003*. Etter *styrevedtak 32/16* gjeld dette også for professor- og dosentstillingar i ein prøveperiode fram til 10. mars 2018.

2. Ved tilsetjing skal dei søkjarane som blir vurdert å vere best kvalifiserte, kallast inn til intervju og prøveundervisning. Den som innstiller avgjer kven som skal kallast inn til intervju og prøveundervisning. Tilsetjingsorganet kan bestemme at også andre skal kallast inn til intervju og prøveundersvising.

3. Dersom kvalifiserte søkjarar til ei stilling opplyser at dei er funksjonshemma/yrkeshemma og anten er eller blir utan arbeid, skal alltid minst ein slik søkjar kallast inn til intervju, jf. Forskrift til Lov om statens ansatte § 6.

4. Dersom det er kvalifiserte søkjarar med innvandrarakgrunn til ei stilling, skal det alltid kallast inn minst ein slik søkjar til intervju, jf. Statens personalhandbok 2.3.2.3. Dette skal det opplysast om i innstillinga.

5. Innstillingsmyndet skal delta i alle intervju. I tillegg har tenestemannsrepresentanten i tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskarstillingar rett til å delta. Innstillingsmyndet skal gi representanten høve til å møte.

6. Det skal innhentast informasjon frå referansar søkjaren har opplyst om i søknaden sin. Dette skal gå fram av innstillinga.

7. Dekanen kan velje å ta søknader under behandling sjølv om søknadsfristen er overskriden. I så fall skal alle søknader som er levert etter fristen, takast med. Dette skal gå fram av innstilling.

8. Fast tilsetjing og mellombels tilsetjing i over eitt år i undervisning - og forskarstillingar skal skje på bakgrunn av sakkunnig vurdering av søkjarane sine kvalifikasjonar, jf. UHL § 6-3. Det skal oppnemnast sakkunnige utval etter reglane i Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings og forskarstillingar. Dekanen nemner opp sakkunnig utval og oppnemninga skal vere offentleg. Arbeid i sakkunnig utval følgjer retningslinjer vedtatt av styret i sak 100/16. Tilsetjingsorganet kan i særskilde tilfelle gjere unntak frå regelen om kravet om sakkunnig vurdering i stillingar som ikkje er førstestillingar eller professorstillingar, jf. universitets- og høgskolelova § 6-3 (3) fjerde punktum.

9. Ved tilsetjing i undervisnings- og forskingsstillingar i inntil eitt år nyttar ein normalt ikkje ekstern sakkunnig vurdering, jf. UHL §6-3 og styrevedtak 70/16.

10. Sakkunnig vurdering kan og utelatast dersom det berre melder seg ein søkjar som eintydig kan dokumentere sin kompetanse for stillinga. Tilstrekkeleg dokumentasjon er:

- doktorgrad innan det relevante fagfeltet (gjeld ikkje til stilling som professor eller høgskuledosent)
- sakkunnig vurdering for ei anna tilsvarande stilling
- sakkunnig vurdering for opprykk til tilsvarande stilling
- at søkjaren har tilsvarande stilling med vurderingskriterium og tilsetjingsprosedyre som dei Høgskulen i Volda nyttar

11. Dersom fleire søkjarar blir vurderte som kvalifiserte til stillinga, skal som hovudregel tre søkjarar innstillast i prioritert rekkjefølgje.

§ 11 Innstilling til administrative stillingar

1. Innstillingsmynde ved administrative stillingar er «nærmeste leder», jf. Statsansattloven § 5. Dette er næraste leiar med personalansvar.

2. Ved tilsetjing bør søkjarar som blir vurderte å vere best kvalifiserte, kallast inn til intervju. Den som innstiller, avgjer kven som skal kallast inn til intervju etter samråd med inntil to tilsette som har kjennskap til arbeidsområdet. Tilsetjingsorganet kan bestemme at også andre skal kallast inn til intervju. Dersom det er kvalifiserte søkjarar til ei stilling som opplyser å vere funksjonshemma/yrkeshemma og anten er eller blir utan arbeid, skal alltid minst ein slik søkjar kallast inn til intervju, jf. Forskrift til tjenestemannslova § 9. Dersom det er kvalifiserte søkjarar med innvandrarakgrunn til ei stilling, skal det alltid kallast inn minst ein slik søkjar til intervju, jf. Statens personalhandbok 2.3.2.3. Dette skal det opplysast om i innstillinga.

3. Den som har innstillingsmynde, skal delta i alle intervju. I tillegg har ein tenestemannsrepresentant frå tilsetjingsrådet for administrative stillingar rett til å delta. Arbeidsgivaren skal kalle inn representanten.
4. Det skal innhentast referansar frå dei søkjaren har oppgitt som referanse i søknaden sin. Dette skal det kome fram i innstillinga.
5. Stillinga sin næraste leiar kan velje å handsame søknadar sjølv om søknadsfristen er overskriden. I så tilfelle skal alle søknader som er leverte etter fristen takast med i vurderinga.
6. Dersom fleire søkjarar blir vurdert til å vere kvalifiserte til stillinga, skal som hovudregel tre søkjarar innstillast i prioritert rekkjefølgje.

§ 12 Innstilling til stilling som dekan

Tilsetjingsutvalet for undervisning- og forskarstillingar utan rektor er innstillande organ ved tilsetjing av dekan. For rektor kjem det inn ein representant vald frå avdelingsråd. Vurderingsprosess forut for innstilling skal inkludere representantar for den aktuelle avdeling, jf. *styrevedtak 10/16*.

§ 13 Innstilling til stilling som høgskuledirektør

Innstillande mynde til stilling som høgskuledirektør er innstillingsorgan fastsett av styret.

§ 14 Innsynsrett

Søklarane sin innsynsrett i innstillinga vert regulert av forvaltningslovforskrifta.

Del 4. Tilsetjing

§ 15 Tilsetjingar i styret

1. Styret tilset i stilling som høgskuledirektør, jf. lov om universiteter og høyskoler § 11-1 (3)
2. Styret tilset i stilling som dekan, jf. Lov om universiteter og høyskoler § 11-1 (1).
3. Dersom det blir oppretta nye leiarstillingar i andre kategoriar direkte under rektor, skal styret avgjere om styret eller tilsetjingsorgana skal tilsetje.

§ 16 Tilsetjingar i tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskarstillingar

1. Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskarstillingar tilset i desse stillingane:

- studieleiar
- høgskulelærer
- høgskulelektor
- førstelektor

- amanuensis
- førsteamanuensis
- stipendiat
- professor
- dosent
- andre fag-administrative stillingar som ligg under Kunnskapsdepartementet sine stillingskoder i hovudtariffavtalen

For professor- og dosentstillingar er dette ein prøveperiode fram til 10. mars 2018, jf. *styrevedtak 32/16*.

2. Etter *styrevedtak 70/2003* skal tilsetjingsutvalet for undervising- og forskarstillingar bestå av rektor (leiar), dekan ved den avdelinga stillinga er knytt til, ein tenestemannsrepresentant frå det faglege personalet oppnemnd for to år av organisasjonane i fellesskap, ein fagleg tilsett oppnemnd av styret for to år, høgskuledirektøren og to studentrepresentantar med vararepresentantar.

§ 17 Tilsetjingar i tilsetjingsrådet for tekniske og administrative stillingar

1. Tilsetjingsrådet for tekniske og administrative stillingar ved høgskulen tilset i alle tekniske og administrative stillingar.
2. Tilsetjingsrådet for administrative stillingar består av høgskuledirektør, personaldirektør (leiar), studiedirektør og to tenestemannsrepresentantar.

§ 18 Oppnemning av tenestemannsrepresentantar

Tenestemannsrepresentantane skal, når det er mogleg, sjølv tilhøyre same stillingsgruppa som den ledige stillinga. Tenestemannsorganisasjonane ved høgskulen som har forhandlingsrett, nemner opp felles tenestemannsrepresentantar med personlege vararepresentantar til tilsetjingsorgana. Tenestemannsrepresentantane blir oppnemnde for 2 år.

§ 19 Sakshandsaming i tilsetjingsorgana

1. Innstillinga skal sendast til personaldirektør som sekretær for tilsetjingsorgana. Personaldirektør skal sjå til at saka er tilstrekkeleg opplyst. Om naudsynt skal supplerande opplysningar leggjast fram for tilsetjingsorganet munnleg eller skriftleg.
2. Behandling i tilsetjingsorgana skal som hovudregel skje i møte eller ved votering per e-post.
3. Dersom ein medlem i tilsetjingsorganet ønskjer å tilsette nokon som ikkje er innstilt, skal tilsetjingsorganet be om skriftleg fråsegn om vedkomande frå innstillande mynde. Etter ein har fått fråsegna, fattar organet vedtak på vanleg måte.

4. Det skal først protokoll frå alle møta i tilsetjingsorgana, også dersom sakene er behandla ved sirkulasjon/høyring. I protokollen skal alle vedtak med dissensar takast med. Medlemmene har rett til å grunngi standpunkta sine ved tilførsel i protokollen.

5. Deltaking i tilsetjingsorgana er ei tenesteplikt. Medlemmene av tilsetjingsorgan kan ikkje hindre vedtak ved å ikkje møte eller stemme blankt. Tilsetjingsorgan er vedtaksført når 3 medlemmer er til stades under føresetnad av at leiaren er til stades. Dersom enkelte av organet sine medlemmer likevel ikkje deltek i behandlinga av ei sak eller ikkje skriv under møteprotokollen, er organet vedtaksført når minst halvparten av medlemmene deltek og skriv under.

§ 20 Melding om tilsetjing

1. Den som vert tilsett, skal ha skriftleg melding om tilsetjing med opplysning om særvilkår i tilsetjingsbrevet, jf. Statsansattloven § 6 nr. 5. Viss vedkomande er tilsett på prøve, skal orienteringa også innehalde ei orientering om prøvetidsreglane.

2. Det skal inngåast skriftleg arbeidsavtale i samsvar med krava i Arbeidsmiljølova §§ 14-5 – 14-8 både for faste og mellombelse tilsetjingsforhold.

3. Alle søkjarar skal orienterast når den som er tilsett har teke imot stillinga, jf. Forvaltningslova § 27 første ledd. Orienteringa skal innehalde namnet på søkjaren som er tilsett i stillinga ("vedtaket").

§ 22 Berekning av tenestetid

Ved berekning av tenestetid skal all samanhengande teneste ved Høgskulen i Volda telje med, jf. Statsansattloven § 23.

§ 23 Sletting av ordensstraff eller anmerkning

Ordensstraff eller anmerkning som er lagt i personalmappe, skal slettast etter 5 år.

§ 24 Ikrafttredelse og revisjon

Dette reglementet er fastsatt etter forhandlingar med tjenestemannsorganisasjonene ved Høgskulen i Volda og trer i kraft 1. desember 2017.

Personalreglementet omfattar dei forhold som er fastsette som forhandlingsgjenstand i Statsansattloven, og er i samsvar med krava i lova sin § 2 fjerde ledd.

Kvar av partane i verksemda kan når som helst krevje at reglementet blir revidert, jf. Statsansattloven § 2, femte ledd.

HVO 31.10.2017

Høgskuledirektør	Karen Lomeland Jacobsen	<u>Karen L. Jacobsen</u>
Akademikerne	Bernt Olav Øvregaard	<u>Bernt Olav Øvregaard</u>
Forskerforbundet	Tor Arne Haugen	<u>Tor Arne Haugen</u>
Norsk Tenestemannslag	Sylvi Gulla Hovdenakk	<u>Sylvi Gulla Hovdenakk</u>
Parat	Hilde Kristin Elvestad	<u>Hilde K. Elvestad</u>
Utdanningsforbundet	Odd Helge M. Tonheim	<u>Odd Helge M. Tonheim</u>